



REGULERINGSFØRESEGNER TIL REGULERINGS- PLAN FOR AUSTRE DEL AV HÅBAKKEN, NORHEIM, BRYNE, TIME KOMMUNE.

OMRÅDER REGULERT TIL BYGGEOMRÅDER.

§ 1.

Innafor område regulert til bustadformål kan mindre næringsverksemder tilknytta den enkelte bustadeining tillatast dersom dette ikkje er til sjenanse for andre bustader.

Bygningsrådet kan forby bruk, verksemder eller installasjonar som i form av støy, røyk, lukt m.m. er til ulempe for omgjevnaden.

§ 2.

Ved innsending av byggemelding skal det vedleggast situasjonskart som viser plassering av bygningar, adkomstforhold, parkering, støttemurar, høgder på ferdig planert terreng og andre utomhusanlegg knytta til bruken av bustad og tomt.

§ 3.

På kvar tomt kan det byggast bustadhus med grunnflate inntil 1/4 av tomta sitt nettoarealet. Garasje/uthus kjem i tillegg.

Bygningane skal ha saltak med takvinkel mellom 32 - 38 grader.

Tillatt etasjetal for den enkelte tomt framgår av plankartet.

Bygningsrådet fastlegg kotehøgd for topp grunnmur.

Det kan tillatast påbygg av karnapp, ark etc. inntil maksimalt 40 % av areal til takflate.

Utbygginga skal ellers skje i samsvar med eigen formingsrettleiar for feltet vedtatt av bygningsrådet.

§ 4.

Garasjar, uthus o.l skal i utforming gjennom takvinkel, materialval m.m. tilpassast hovudhuset.

Største tillatte storleik på garasje er 50 m².

Framfor garasje skal det vera oppstillingsplass på eigen grunn for minst 1 bil.

Garasje kan ikkje byggast nærare veg enn 1,5 m.

§ 5.

Utkjøring frå garasje eller biloppstillingsplass skal utformast slik at det er god oversikt. Bygningsrådet skal godkjenne alle utkøyningar til offentleg og felles privat veg.

FELLESBESTEMMELSER.**§ 6.**

Planlagte leikeplassar skal opparbeidast og ferdigstillast som del av den kommunaltekniske opparbeidinga av området.

§ 7.

Planting av buskar og tre langs offentleg og felles veg må ikkje skje nærare vegkant enn 0,75 meter. Greiner o.l. som veks ut over grensene til offentleg areal kan krevjast fjerna, eventuelt kan kommunen føreta nødvendig beskjæring.

§ 8.

Innafor dei viste frisktsonene skal det vera fri sikt i eit plan 0,5 meter over vegplana.

§ 9.

Det skal utarbeidast ein eigen gatebruks- og møbleringsplan for dei offentlege areala.

§ 10.

Ved søknader om endring og justering av planen skal det utarbeidast busetnadsplan for det aktuelle feltet. Bygningsrådet fastlegg avgrensinga av planområdet.

Time kommune, teknisk etat, 01.02.94
 justert 14.04.94